

# Planprogram – Reiselivsplan for heilårsturisme i heile kommunen

Dato: 24.08.2022

Versjon: 01



## Stranda kommune

## Innhold

1	Bakgrunn for planarbeidet .....	3
1.1	Bakgrunn .....	3
1.2	Føremålet med planen .....	3
1.3	Planprogram .....	3
1.4	Planstatus .....	4
2	Viktige føresetnadar for planarbeidet.....	4
2.1	Nasjonale føringer .....	4
2.2	Regionale føringer .....	4
2.3	Andre relevante dokument, planar og rapportar.....	5
3	Fokusområder .....	5
4	Konsekvensutgreiing .....	6
5	Organisering og medverknad .....	7
5.1	Styringsgruppe.....	7
5.2	Medverknad .....	7
6	Framdrift.....	8

## 1 Bakgrunn for planarbeidet

### 1.1 Bakgrunn

Stranda kommune vedtok den 29.4.2020 ein strategisk næringsplan, der eit av satsingsområda er reiseliv. Ifølge strategipunkt nr 5 skal kommunen «lage ein overordna turismestrategi i nært samarbeid med aktørar i heile kommunen». Rapporten til forprosjektet «Det store bildet» skrive av Ålesund Kunnskapspark og PWC, tilrår at kommunen lagar ein reiselivsplan for heilårsturisme. Masterplan for Geiranger, som er ein rapport laga for lokale reiselivsaktørar i Geiranger nemner også at kommunen bør utarbeide ein slik plan. Difor ønskjer kommunen å setje i gang arbeidet med ein reiselivsplan og ein reiselivsstrategi for heilårsturisme i alle fire bygdelag i Stranda Kommune.

### 1.2 Føremålet med planen

Føremålet med kommunedelplanen, er å utarbeide ein reiselivsplan, som formulerer ein strategi for korleis Stranda kommune skal styrke seg som heilårsturistdestinasjon. Dette skal samanfattast i ein handlingsplan med tiltak for å verte ein kommune der dei besøkande får gode opplevelingar, og dei fire bygdelaga får ein auke i lokal verdiskaping året gjennom, utan at dette går utover lokale natur- og kulturverdiar og det som er særeige med bygdene.

### 1.3 Planprogram

Reiselivsplanen skal ha status som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova (pbl). Det betyr mellom anna at kommunen skal varsle oppstart av planarbeidet og utarbeide eit planprogram (dette dokumentet) jf. PBL § 4-1.

Forprosjektet til «Det store bildet» rår til at arbeidet med reiselivsplanen skal kartlegge følgjande:

- Kva må til for å klare å utløyse dei ubrukta potensiala i dei fire bygdelaga, sjølv utan cruisetrafikk?
- Kva må til for å etablere Stranda kommune som ein sterk, internasjonal destinasjon med aktivitetar knytt til turisme heile året?
- Kartlegge «ken som er den typiske gjestane» til Stranda kommune?
- Kva er kommunen og reiselivsbedriftene sin visjon/ ynskje for kva den besøkande skal oppleve?
- Kva forventningar har gjesten, kva ynskjer gjesten å sjå/ oppleve?
- Kva ynskjer lokalsamfunna/ bygdene at gjesten skal oppleve?

*Reiselivsplanen bør også kartlegge følgande:*

- Kva er det unike ved kvart bygdelag og kommunen som destinasjon? og kva seier dette om kommunens konkurranse- og attraksjonskraft?
- Korleis kan ein betre utnytte eksisterande gode tilbod og aktivitetar? -Få etablert fleire tilbod i kvart av dei fire bygdelaga og kva tilbod er ønskelege? Med andre ord kva tiltak kan/bør byggast/settast i verk, som tilførar auka attraktivitet for fleire segment. Døme: 1. heilårferje er eit tilbod til både lokalbefolking, hyttebeboarar på Strandafjellet og turistar om sommaren. 2. Nettverk av sykkelstiar? 3. Gå/trimturar? 4. Båtruter, frå Ålesund og innover med av-/på stiging i bygdene.
- Planen bør beskrive kva for miks av type turistar som er mest berekraftig for kommunen. Kva kan vi gjøre for å tiltrekke oss denne typen gjestar, som skapar mest positive ringverknadar og ønska verdiskaping?

- Kva tiltak må setjast i verk for at kvart bygdesentrums skal gje ei betre oppleveling for den besøkande?
- Kva har nullutstleppsvedtaket å seie for kor mykje av trafikken, det vil seie turistar/besøkande, flyttar seg frå sjøen til landbasert transport? Kva får dette å seie for nye og eksisterande tilbod?
- Korleis kan ein med enkle grep, få folk til å opphalde seg lenger i dei fire bygdelaga?
- Kva straksstiltak ønsker innbyggjarane, og korleis kan dei bidra?

Planprogrammet si hovudoppgåve er å gje ei klar retning for korleis ein ynskjer at reiselivet skal utvikle seg i kommunen dei nærmaste åra, og beskrive tiltaka som må gjennomførast for at dette skal skje. Kommunedelplanen skal legge føringar for vidare arbeid, grep som må takast, og aktivitetar som må setjast i verk for å oppnå måla. Dessutan skal den vise til kven som har ansvaret for at dette skal gjennomførast. Planen skal synleggjere kostnader med tiltaka og desse skal koplast opp til budsjettprosessen kvart år.

Framlegg til planprogram skal leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast på høyring til offentlege høyringsinstansar og andre interesserte. Med bakgrunn i inntektna merknadar og innspeil skal kommunestyret vedta endelig planprogram.

## 1.4 Planstatus

Temaplanen blir rullert i samsvar med gjeldande kommuneplan. Denne temaplanen vil gjelde for perioden 2023-2026.

# 2 Viktige føresetnadar for planarbeidet

## 2.1 Nasjonale føringar

Føringar planen må ta omsyn til er sjølv sagt Stortingsvedtaket frå den 03.05. 2018 om krav til utsleppsreduksjon framover mot 2026, og deretter nullutslepp i verdsarvområda Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Dette vedtaket har innverknad på reiselivet i heile kommunen. Vidare står Geirangerfjorden og omegn på UNESCO si verdsarvliste, som gir restriksjonar men òg gjer reisemålet kjent.

Berekraftige reisemål står i fokus nasjonalt og er eit satsingsområde til Innovasjon Norge. Sistnemnde tilbyr Merket for bærekraftig reisemål som verktøy for reisemål som ynskjer å arbeide langsiktig for ei meir berekraftig utvikling gjennom involvering, ansvarleg styring og verdiskaping. Prosessen vert eiga og driven av lokale eller regionale reisemåls- eller destinasjonsselskap, i nært kommunalt samarbeid som kritisk suksessfaktor. Geiranger er sertifisert som eit berekraftig reisemål, som også omfattar cruise, og skal i løpet av våren 2023 resertifiserast. Då er det naturleg at ein utvidar området til å gjelde heile Stranda kommune. Den kommunale næringsplanen slår også fast at ein berekraftig vekst er mogleg, men at dette krev ein innsats og aktiv deltaking frå kommune, deriblant ein samla reiselivsstrategi.

## 2.2 Regionale føringar

Møre og Romsdal ynskjer å vere berekraftfylke nr. 1. Reiselivsplanen bør spegle dette, ved å legge vekt på berekraftige løysingar.

Temaplanen vil kome med forslag som er i samsvar med kommuneplanen (areal og samfunnssdelen), og den kommunale næringsplanen. Den skal også vere i tråd med kommunen sin energi- og klimaplan, og kommunen sin kulturminneplan. Vidare vil den ta omsyn til rapporten frå forprosjektet til «Det store bildet». Prosjektleiaren må hauste erfaringar frå «Tettstadsutviklinga for Geiranger Sentrum» som er relevant for dei andre bygdelaga i resten av kommunen.

### 2.3 Andre relevante dokument, planar og rapportar

Forslaga i «Masterplan Geiranger» vil bli tekne til orientering. Elles blir planen samkøyrt med tettstadsutviklinga av Geiranger sentrum, og dei erfaringane som er relevante for andre bygdelag vil verte implementert i planen.

Svalbard har revurdert sin masterplan for reiseliv, der dei har stort fokus på å legge til rette for eit berekraftig reiseliv, og ein kan hente ein del idear og tips frå deira strategi, då særleg med tanke på korleis legge til rette for eit berekraftig reiseliv. Menonrapporten om berekraftig arealutvikling i Norefjell-Reinsjøfjell (<https://www.menon.no/baerekraftig-arealutvikling-i-norefjell-reinsjofjell/>) er også ein relevant rapport med tanke på utfordringar og moglegheiter knytt til utbygging av fritidsbustadar. Rapporten omfattar også moglegheiter og verkemiddel som kan auke den lokale verdiskapinga i ettermarknaden.

Innovasjon Norge sin nasjonale reiselivsstrategi, strategiplanen til Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og «Scenario Fjord Norge 2030» er også dokument som ein vil ta omsyn til.

## 3 Fokusområde

### Føringar for arbeidet

Planen skal oppfylle delmåla og strategien til den kommunale samfunnsplanen og næringsplanen. Ytterlegare vil den fokusere på å kartleggje punkta over, som vart etterlyst i forprosjektet til «Det store bildet».

Følgande målsettingar er henta frå kommunens strategiske næringsplan:

#### **Delmål 1. Verdsarvkommunen Stranda skal ha eit meir attraktivt og variert reiseliv**

- **Strategi 1: Auke turismen i heile kommunen i låg- og skuldersesong** (foreslår å redefinere strategien til: Auke turismen i heile kommunen i dei ulike sesongane.

**(Delmål 1, Tiltak: 1.** Stille krav i konsesjonen for ferja mellom Hellesylt og Geiranger om at den skal trafikkerast i større delar av året ev. om heilårssamband. Dette er eit kommersielt samband og det er Møre og Romsdal fylke som definerer konsesjonskrava. Kommunen må difor nøye seg med å gi innspel til samferdsleavdelinga.) Tiltaket er oppfylt og står dermed i parantes. Forslag til nytt tiltak:

Det må stillast krav til konsesjon for alle type fartøy og bussar. Skal vi få kontroll på logistikk på sjø og land MÅ det stillast krav til transportørane. For buss kan vere krav om min euroklasse 6. På sjø er det allereie ei miljøforskrift som stiller krav til alle fartøy over 1000 bto – krava bør gjelde for alle fartøy.

**Delmål 1, Tiltak 2.** Arbeide for at dei ulike tilboda i kommunen vert sett i samanheng. Til dømes kan tilboda på Strandafjellet brukast for å lage attraktive tilbod om vinteren

**(Delmål 1, Tiltak 3.** Syte for at stader turistar oppsøkjer (utsiktspunkt m.m.) er opne heile året og at utnytting av kapasitetar i høg- og lågsesong (som er ulik for ulike delar av kommunen) vert betre utnytta)

**Delmål 1 Tiltak 4.** Gi initiativ om produktutvikling i lågsesong særleg merksemد

- **Strategi 2. Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar**

**Tiltak: 1.** Legge til rette for at kulturminna blir brukt meir aktivt i reisemålsamanheng - dette ved å auke informasjonen kring dei. Marknadsføringsplan for kulturminne og museum som kan vere

aktuelle å vitje. Til dømes kan ein ha ein informasjonsplakett på hus med ei særskild historie, som er moga å lese.

**Tiltak 2.** Følgje opp målsetjingane og prioriteringane i kulturminneplanen om å nytte økonomiske ressursar til å setje i stand og halde ved like kulturminna

**Tiltak 3.** Legge opp til industriturisme der dette kan kombinerast med reiseliv, men innan næringsmiddel vil hygiene- og smitteproblematikk vil dette vere vanskeleg

**(Tiltak 4.** Støtte initiativet om etablering av ei industrihistorieutstilling på tidlegare P.I. Langlo møbelfabrikk). Denne er no ferdig men bør løftast vidare opp som attraksjon og marknadsførast ytterlegare.

- **Strategi 3. Oppmode til miljøvennlege val ved reise til Stranda kommune og informere om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur**

**Tiltak:** 1. Utarbeide informasjonsmateriell ('handouts') til reisande og busselskap som tek oppdrag i turisttransport

**Tiltak 2.** Følgje opp råda i besøksforvaltningsplanen for Geiranger Verdsarvområde

**Tiltak 3.** Investere i tilretteleggingstiltak som lettar logistikken på sjø og på land (jf.: <https://www.ntnu.no/ihb/sustrans>) Arbeidet og forslag i Grøn kai prosjektet bør takast med i dette arbeidet.

**Tiltak 4.** Investere i og eller legge til rette for etablering av ladeinfrastruktur for el-køyretøy /-fartøy

**Tiltak 5.** Støtte opp under tiltak som gir reelle miljøvennlege reiseval

- **Strategi 4: Støtte etablering av eit digitalt verktøy for opplevingar i kommunen, i samarbeid mellom offentlege og private aktørar**

**Tiltak 1.** Fornye og komplettere eksisterande verktøy

**Tiltak 2.** Vere på jakt etter nye verktøy/løysingar etter kvart som teknologien utviklar seg på dette området

Her kan produktdatabase, webside og digitale verktyg nyttast som kommunen og medlemsbedrifter her tilgang til gjennom Destinasjon Ålesund og Sunnmøre

**Tiltak 3.** Videreføre arbeidet med Designvegen

Reisemålsplanen skal også legge vekt på korleis kvar reiselivsaktør kan arbeide for å levere gode kundeopplevelingar, og skilje seg ut frå og komplimentere eksisterande tilbydarar.

**Tiltak 5.** Ha informasjons skjermar på slike som dei har utanfor Fjordsenteret, oppe på Korsmyra, ferjekaia på Liabygda, Hellesylt, ein eller to? Stranda Sentrum. Kven skal legge inn, og oppdatere desse? Finnast det her ein medie- og kommunikasjonsplan? Marknadsføringsplan? Dei andre kulturminna i Liabygda, Hellesylt og i Geiranger.

## 4 Konsekvensutgreiing

Det vert lagt til grunn at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova for reiselivsplanen.

Utdrag frå Forskrift om konsekvensutgreiing § 6:

«Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

a.kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II».

Det er vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing for denne kommunedelplanen. Tiltak i temaplanen vil ikkje vere juridisk bindande for arealbruken.

## 5 Organisering og medverknad

### 5.1 Styringsgruppe

Kommune planutvalet er politisk styringsgruppe.

Temaplanen skal utarbeidast av Ellen Fivelstad, prosjektleiar i «Det store bildet», i tillegg ynskjer ho å ha med seg følgande medlemmar i ei arbeidsgruppe:

(?), som representant for Liabygda. Stig Tryggstad som representant frå Hellesylt og leiar Hellesylt Næringslag. Oscar Almgren som representant frå Stranda og med bakgrunn i opplevingsturisme sommar og vinter. Malin Merok som representant frå Geiranger, det lokale næringslaget og som også har erfaring frå hotell og restaurantbransjen. Tom Anker Skrede Destinasjon Ålesund og Sunnmøre set også i gruppa.

### 5.2 Medverknad

I plan- og bygningslova er forstår ein medverknad som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverke offentleg utgreiing- og beslutningsprosessar. Det betyr at innbyggjarane i kommunen er med på å planleggje si eiga framtid og får moglegheit til å påverke arbeidet med å utvikle kommunen som ein berekraftig reisemål. I arbeidet med temaplanen for heilårsturisme er det eit overordna mål at det skal leggjast til rette for aktiv medverknad frå innbyggjarane i alle bygdelag i Stranda kommune. Dette skal skje ved å be om innspel via kunngjering av planen i Nyss, Sunnmørsposten, Hellesylt.info, på kommunen sine heimesider og på sosiale media. Det vert lagt til rette for å halde opne bygdemøter der alle kan delta og kome med innspel. I Geiranger skal ein starte opp eit prosjekt for tettstadsutvikling, og det vil vere naturleg at innspela frå dette arbeidet vert tekne omsyn til i dette arbeidet.

I høve at heile Stranda kommune skal bli sertifisert som eit berekraftig reisemål, vil det verte sendt ut spørjeundersøkingar til turistar, innbyggjarar og næringsdrivande. Informasjon frå denne kan nyttast som viktig informasjon i det vidare arbeidet.

Ein kan sende ut direkte førespurnad for å få kommentarar til planen:

- Fylkeskommunen
- Statsforvaltaren
- Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (med Tom Anker Skrede eller skal sete i arbeidsgruppa)
- Hotell og overnattingstadar i kommunen
- Informere via Forum Geiranger og andre næringsforum
- Sende e-post til «The Fjords»

#### Målgrupper for medverknad:

- Innbyggjarane i dei fire bygdelaga
- Arbeidstakarane til hotella, kafear og restaurantar.

- Dei lokale tilbydarane / arbeidsgjevarane.
- Politikarane som treng eit grunnlagsdokument for å utarbeide strategiar

## 6 Framdrift

Tabellen viser førebels framdriftsplan for planarbeidet. Denne kan bli endra i løpet av prosjektperioden av ulike årsaker. Ein tek sikte på å få vedteke temaplanen innan utgangen av 2022 eller seinast i starten av 2023.

Tidspunkt	Aktivitetar
17 august 2022	Varsle om oppstart i kommuneplanutvalet
20 – 30 august	Varsle om oppstart i avis, på kommunen si heimeside, ulike FB grupper
1 september	Arbeidsgruppa trer saman for første gong
20 august - 30 september	Planen lagt ut på høyring
1 september – 31 desember	Samle inn innspel, vurderer å ha felles møter, knytte arbeidet med kommunedelplanen opp til resertifiseringa og utvidinga av Stranda som ein berekraftig reisemål.
24 oktober	2.gong politisk handsaming, lage temaplan
November 2022 – Februar 2023	Behandle innspel, sette opp ein plan
Mars og April 2023	Legg ut planen til offentleg ettersyn, varsle om dette i aviser, heimesida til kommunen, og FB grupper
Mai 2023	Behandle inntektmøte innspel
Juni 2023	Legge fram planen for vedtak i formannskapet og kommunestyret.
2026	Revurdering av plan, då gjerne i kombinasjon med at ein resertifiserer Destinasjon for Berekraftig Reisemål